

# Referat møte i språkpolitisk utval

Dato: 30.08.21

Sted: Teams

Til stades: Ingrid Marie Myklebust, Jógvan Helge Gardar, Endre Brunstad, Ann-Kristin Gujord, Rune Johan Krumsvik, Maren Bjotveit, Hans-Petter Isaksen, Ingeborg Revheim (referent)

Fråfall:

17/21: Merknader til innkalling eller referat frå forrige møte

Ingen merknader

## Orienteringssaker

18/21: Oppnemning av medlemmer i utvalet

Utvalet har ingen framlegg om nye medlemmer som erstatning for Maren og Ashley. Avventer ny oppnemning frå leiinga.

19/21: Høyring om normeringsprinsipp (Språkrådet)

Det vil vere naturleg at utvalet kan spele ei koordinerande rolle for språkpolitiske høyringar, sjølv om fristen for akkurat denne var utgått. Utvalet vil gi universitetsleiinga signal om at vi kan ha ei slik rolle.

20/21: Møte i Nynorskfylket Vestland

Munnleg orientering frå Ingrid Marie. Sjå e-post med referat 22.06, ligg i Teams i mappa for Nynorskfylket Vestland.

21/21: Møte i arbeidsmiljøutvalet ved UiB

Notat og munnleg orientering ved Endre, sjå også e-post med rapport 16.06. Generelt er dei skeptisk til rapportering og tiltak som krev ressursar, som språkmentorordning og språkkafé.

22/21: Møte med rektor

Munnleg orientering ved Endre. Utvalet skal halde fram og rektor ønskjer o-sak til styret. Utvalet bør invitere seg inn i ulike møter og fora, t.d. avdelingsdirektørmøter. Vil helst ikkje legge føringar for vitskapelege tilsette.

## Drøftingssaker

23/21: Namn på senter og institusjonar ved UiB

Mange einingar har kun engelske namn og forkortingar. Utvalet vil ta kontakt med universitetsleiinga og vise til nasjonale reglar og eigne retningslinjer.

24/21: Handlingsplan for språkpolitikk ved UiB

Notat. Mål om å lage eit dokument som kan sendast på høyring i institusjonen, for å involvere folk og forankre handlingsplanen. Ha eige halvdagsmøte om handlingsplan i oktober, med t.d. Nina Teigland frå Språkrådet og nokon frå HVL.

25/21: Orienteringssak til universitetsstyret om språkpolitikk

Moglegheit til å synleggjere utvalet sitt arbeid

## Vedtaksaker

26/21: Samandrag på norsk i doktoravhandlingar. Endring av ph.d.-reglementet

Vedtak: Utvalet går inn for at ph.d.- reglementet skal ha krav om samandrag på norsk i doktoravhandlingar. men utan konkretisering av lengda.

27/21: Møteplan for hausten

To møter og eit seminar. Nye medlemmer må med.